



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 10.09.2014
Møtetid: 15:40 - 18:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Roy Vegard Hope (H)	Eva Hellevang (H)

Andre som var til stades på møtet:

Ass. rådmann Hilde-Lill Våge, avd. ing. John Inge Sandvik, planleggjar Ragnhild Lønningdal og driftsansvarleg Endre Kulleseid møtte i sak 48/14.
 Økonomisjef Nina Erdal under sakene 49 og 50/14.
 Rådmann på heile møtet

Møteleiar:	Marit A Aase
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:

Det vert ekstra møte i formannskapet 22.9.2014 kl 15.00 – 18.00

Orienteringar/meldingar:	<p>Skriv og meldingar:</p> <p>Det vert inngått avtale med Kvam herad om skatteoppkrevjarfunksjonen. Kvam tek og ansvar for kontrollar.</p> <p>Ordførar orienterte om</p> <ul style="list-style-type: none"> - tingingane om grunnavståing på Bjørkheim - pågåande prosessar/invitasjonar knytt til kommunereform <p>Rådmannen orienterte om</p> <ul style="list-style-type: none"> - sjukeheimsutbygging der Husbanken har bedt inn til møte for å drøfte søknadane om tilskot og om arbeidet med å få oversikt over kostnader med mellombels drift - arbeidet med å få på plass avtaler om interkommunalt barnevern. Bergen kommune har i møte gitt positive tilbakemeldingar, endeleg avklaring om det er aktuelt med vidare drøftingar er lova innan utgangen av september.
---------------------------------	--

	<p>Etter oppfordring frå Kvam herad arbeider rådmannen med utkast til avtale med Kvam.</p> <ul style="list-style-type: none">- Arbeid for rådmann knytt til løpende barnevern tek mykje tid. Det vart m.a. informert at det er ein tvist med Bergen kommune om ansvaret (økonomiske og faglege) for ein ungdom som oppheld seg i Samnanger då det var naudsynt å gripa inn.
--	---

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 12.09.2014

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
047/14	14/697	Faste saker	
048/14	13/77	Folketalsvekst og arealreservar i eksisterande arealplanar - Infrastruktur og nye areal	
049/14	14/384	Finansrapportering 2.tertial 2014	
050/14	14/334	Eigedomsskatt og fritak	

**SAKNR. 047/14
FASTE SAKER**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM-047/14 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 048/14

**FOLKETALSVEKST OG AREALRESERVAR I EKSISTERANDE AREALPLANAR -
INFRASTRUKTUR OG NYE AREAL**

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

I møtet vart kommunal infrastruktur gjennomgått både kvar det i kommunen er etablert offentleg vatn og avløp og kva kapasitet det har og kva standard det har. Grunnen til dette er at det kan vera styrande for kvar det er aktuelt å leggja byggeområda. Fleire av dei områda som er sett av til bustadføremål i dagens arealplan har lagt der lenge utan at det er fremja planar om utbygging. Formannskapet må ta stilling til om det er bustadområde i eksisterande kommuneplan som ikkje skal vidareførast i den nye planen.

Ulike problemstillingar var drøfta, men tida vart for knapp. Det vart derfor bestemt at det skal haldast eit eige møte med dette som tema. Møtet vert måndag 22.9.2014 kl 15.00 – 18.00

FORM-048/14 VEDTAK:

Saka vert utsett. Det vart halde eit eige møte på denne saka den 22.9. kl 15.00 – 18.00.

SAKNR. 049/14

FINANSRAPPORTERING 2.TERTIAL 2014

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FORM-049/14 VEDTAK:

Finansrapport for 2.tertial 2014 vert teken til etterretning.

SAKNR. 050/14

EIGEDOMSSKATT OG FRITAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

10.09.2014 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Formannskapet drøfta saka. Formannskapet sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i saksutgreiinga når det gjeld fritak etter §5.h. Når det gjeld § 7, meiner formannskapet at det bør gjevast fritak etter pkt. a, men at det ikkje skal gjelda kommersielle stiftingar. Det vert vidare gitt tilslutning til at det kan gjevast fritak for bygningar som har historisk verdi. Det vert ikkje fritak for nyoppførte eigedomar.

Det vert fatta eit samrøystes vedtak.

FORM-050/14 VEDTAK:

For utskriving av eigedomsskatt i Samnanger kommune bør det gjevast fritak etter § 7 a med unnatak av for kommersielle stiftingar. Fritak skal også gjevast etter § 7 b - bygningar som har historisk verdi. Det vert ikkje opna opp for fritak for nyoppførte eigedomar § 7 c .

Det vert fatta endeleg vedtak i samband med handsaming av budsjettet for 2015.

